

Vehundbolhøgda i Kvikne-fjella

Kjem ein opp på den nordlegaste delen av Sverjsjøhøgda i Kvikne-fjella, opnar det seg eit fint utsyn over fjellheimen nordvestover. (Tynset Turlag hadde "ti på topp" her for nokre år sia). Ein ser ned på Gåsengtjønnan og ser Litle Hisjøen. (Hiåsjøen står det på kartet, men Olav Tryggve Hagen i Kvikne-boka skriv Hisjøen, og eg hugsar ein gammal kviknedøl som konsekvent sa Hisjøen). Tvers over på andre sida ser ein den bratte sida av Rauhåmmåren, og bakom der skimtar ein så vidt *Vehundbolhøgda*.

Dei gamle kalla fjellreven for vehunden, så namnet her er vel eit minne om ein tilhaldsstad for fjellreven som no dessverre er i ferd med å bli borte, enda han har vore freda i lange tider. Etter dei siste opplysningane frå Verdens Naturfond reknar dei no med at det er ein bestand på

berre mellom 35 og 65 vaksne fjellrevur i Norge.

Ein kan spekulere på kvifor det heiter *vehundbol*, når vi så vidt eg veit, alltid har sagt *hi*, *revehi*, om plassen der reven har grave seg gangar og bussu for seg og ungane. Vi har sagt "*musbol*" og "*ormbol*" og "*kveksbol*", men alltid "*revehi*".

Kan "*bol*" ha ei anna og vidare betydning enn "*hi*"? I ordboka over oppdalsmålet av Ingeborg Donali (Oppdalsboka III 1987) står det som tyding nummer to: "*mengd med dyr i tett samling - -*". I Nynorsk-ordboka er "*bol*" tyding tre: "*tilheld, bustad*".

Det ser ut til at vi her kanskje har hatt eit skilje mellom bruken av "*hi*" og "*bol*" slik at "*vehundbolhøgda*" har hatt tydinga "*høgda der vehunden har sin tilhaldsstad*" - "*høgda med ein fjellrevkoloni*".

